# Time Sau & Geit
# Årsmelding og rekneskap
# - 2012 -




**Slaktekurs med Stian Espedal i lag med lærar og elevar frå vinterlandbruksskulen 6.oktober hjå Ståle Fjermestad**

# ÅRSMØTE

Time Sau- og Geit har årsmøte på Undheim Samfunnshus 30. januar 2013 kl.1930.
Saker til årsmøtet må vere inkome til styret seinast 8 dager før årsmøtet.

Tradisjonell mat, utlodding, premiering og saker som medlemmane vil ta opp.

- Gerd Siqveland Engelsgjerd (frå styringsgruppa for ”auka produksjon i sauehaldet” og landbruksjef i Bjerkreim kommune). Skal ha tema: Saueprosjektet er historie, kva oppnådde ein gjennom prosjektet og kva skjer no?
- Asbjørn Haga (frå Rogaland Sau og Geit). Informerer om aktuelle saker og siste nytt.
- Underholdning av Torulv Time

Alle er velkomne.

**<u>Saksliste:</u>**

1. Godkjenning av innkalling og sakliste.
2. Val av to til å skriva under møteprotokollen.
3. Årsmelding.
4. Rekneskap.
5. Arbeidsplan.
6. Skifte navn til Time Sau og Geit (tidlegare Time og Sau og Geitealslag)
7. Medlemskriv og informasjon på e-mail.
8. Veraformidling frå Time Vèraring, erfaringar 2012.
9. Skotpremie rev. Forslag frå styret om fortsatt å betale skotpremie for rev 2012. 500,- pr rev skutt i Time
10. Innkomne saker: - Kva kan me gjera for å få opp aktiviteten i Gjeterhundnemda?
11. Val:
    a. Val av leiar for eit år.
    b. Val av to styremedlemmar for to år.
    c. Val av to varamedlemmar for eit år.
    d. Val av fire utsendingar til Fylkesårsmøte.
    e. Val av to varamedlemmar til Fylkesårsmøte.
    f. Val av ein revisor for to år.
    g. Val av tre utsendingar til representantskapet i Undheim Samfunnshus.
    h. Val av 1 varamedlem til Undheim Samfunnshus.
    i. Val av eitt medlem i Gjetarhundnemnda for to år.
    j. Val av eitt varamedlem i Gjetarhundnemnda for eit år.
    k. Godtgjersle til styret.
    m. Val av eitt medlem til valnemnda.

**<u>Innstilling frå valnemnda:</u>**

| | |
|---|---|
| Leiar for 1 år: | Jone Lende (attval). |
| 2 styremedlemmer for 2 år: | Sveinung Hadland (ny)<br>Ann Elin Herigstad (ny) |

Torleif Vestly og Maria Undheim går ut. Livar Nedrebø og Idar Fjermestad ikkje på val.

| | |
|---|---|
| 1. Varamedlem styret for 1 år. | Rune Bauge |
| 2. Varamedlem styret for 1 år: | Kari Kalberg (ny) |
| 4 utsendingar til Fylkesårsmøte:<br>15.-16. februar på Karmøy | Leiaren<br>Ann Elin Herigstad<br>Livar Nedrebø<br>Idar Fjermestad |
| 2 varamedlemmar til Fylkesårsmøte: | Sveinung Hadland og Kari Kalberg. |
| 1 revisor for 2 år. | Nils Petter Aarrestad (ny)<br>(Hermund Lende, ikkje på val) |
| 3 medl. til Undheim S.hus for 1 år: | Terje Nedrebø, (attval),<br>Magne I. Undheim (attval).<br>Arve Undheim (attval) |
| 1 vara til Undheim Samfunnshus: | Ivar Magne Mellemstrand ( attval) |
| 1 medl. til Gjetarhundnemnda for 2 år: | Rune Bauge (attval)<br>(Sven Kverneland, ikkje på val) |
| 1 vara til Gjetarhundnemnda for 1 år: | Ellen K.Gudmestad (attval) |
| Godtgjersle til styret 2013: | Formann: Kr 5000,-<br>Kasserar: Kr 1000,-<br>Sekretær: Kr 1000,-.<br>Andre styremedlemmer og<br>1.varamedl.kr: 500,- kvar |
| 1 medlem til valnemd for 3 år: | Geir Nielsen |

Valnemnda har vore: Karin V.Ree, Randi Håland Vikanes og Magnus Tjåland

# ÅRSMELDING 2012

Laget har i 2012 hatt 163 (171)  medlemmar, 122(129) hovudmedlemmer,  24 (27) husstandmedlemmer og 15 (16) støttemedlemmer.
Laget har 2 æresmedlemmer : Torstein Tunheim og Jesper Eikeland
Årsmøtet 2012 var på Undheim Samfunnshus den 26. januar 2012. Det var ca 95 stk som møtte.
Terje Wester - Fatland, Eva Ueland - Madla Handelslag og  Ivar Alvestad  -Nortura  var med oss.

**Styret i 2012 har vore:**

| | |
|---|---|
| Leiar: | Jone Lende |
| Nestleiar: | Livar Nedrebø |
| Kasserar: | Torleiv Vestly |
| Sekretær: | Maria Undheim |
| Styremedlem: | Idar Fjermestad |
| 1. varamedlem: | Sveinung Hadland |
| 2. varamedlem: | Rune Bauge |

Me har i år hatt  4 styremøte, 1 "pakkemøte" og handsama 35 bokførte saker. 1. varamedlem har vore innkalla til styremøta. Livar Nedrebø, Idar Fjermestad, Torleif Vestly, Sveinung Hadland  og Jone Lende var med på visninga av kjøtsaulam på Særheim 21.aug.. Det er sendt ut 3 medlemsskriv og fleire informasjonskriv på mail i løpet av året. Årsmøte i Fylkeslaget var på Utstein Kloster Hotel  9. og 10. mars 2012. Jone Lende,  Livar Nedrebø, Maria Undheim og Torleiv Vestly møtte frå TSG.
På leiarmøte 12. og 13. oktober på  Grand  Hotell Egersund var Jone Lende første dagen. Me har sendt inn høyringssvar på avlsarbeidet for sau  til RSG. Det er også sendt inn endring på organisasjonformen til Time S&G  frå BA til Foreining. Dette er sendt inn til Brønnøysundregisteret.

**Tilstellingar:**

21.03.12: Medlemsmøte på Undheim. Ragnvald Gramstad  frå NLR snakka om gjødsling, ugraskamp og stell av beite.

Snorre Stuen frå Vetrinærhøgskulen fortalte oss om aktuelle   sjukdomar på sau.

Torill Undheim frå RSG  informerte om siste nytt frå fylket.

15.08.12: Medlemsmøte på Undheim Samfunnshus. Bjørn Høyland snakkte om ny vektlegging på indekser og om fotråtesituasjonen i Rogaland.

Informasjon om kåringa i Time. Terje Wester- Fatland og Siri Haugland- Nortura  var med frå slakteria.

06.10.2012: Heimeslaktingskurs hos Ståle Fjermestad med 32 påmelde. Stian Espedal frå Nortura hadde eit kjempegodt og interessant kurs. Han solgte også kniver og boltepistol til gunstige priser etterpå.

**Skotpremie på rev:**
Det er utbetalt skotpremie på 21 revar mot 39 i fjor.

**Kåringsdagen.**
20.-22. sept. hadde me heimekåring. Det vart kåra 185 verlam ( 189 i fjor).
I tillegg vart 7 lam vraka under kåringa i år. Hermund Lende, Stein Haugland og Bjørn Høyland stilte opp som dommarar. Stein hadde også alt pc-arbeidet.

**Premiering av beste værlam, etter dommarpoeng:**

| | | |
|---|---|---|
| Beste NKS : | 201240173: 10-10-8-8 | eigar: Sigrid og Magne I. Undheim |
| Beste Kvit Spæl: | 201240170: 9-9-9-8 | eigar: Sigrid og Magne I. Undheim |
| Beste Farga Spæl: | 201240172: 9-9-9-10-8-9-9 | eigar: Sigrid og Magne I. Undheim |
| Beste Kjøtvær: | 201240056: 15-15-9-10-10 | eigar: Gunnhild og Eivind Prestegård |
| Beste Ryggja vær: | 201240035: 10-8-9-10-10 | eigar: Leonard Høyland |
| Steigar: | 201240192: 8-9-9-9 | eigar: Geir og Ellen Karin Gudmestad |
| Svartfjes: | 201240061: 10-10-9-9 | eigar: Gunnhild og Eivind Prestegård |

**Premiering av oppgåve:**

| | |
|---|---|
| I Vibå 4H: | Ingrid Haugland, tema Sau |
| I Frøy 4H: | Maren Friestad, tema Med pinnar og garn |

**Semin**:
Det vart i Time nytta frossensæd frå Staur i tillegg til fersksæd frå Særheim
Terje Nedrebø kjørte ut fersksæd. Ann Iren Fjermestad tok imot samlebestilling.

.

**STYRET**

| | | |
|---|---|---|
| Jone Lende | Torleif Vestly | Maria Undheim |
| Livar Nedrebø | Idar Fjermestad | |

# FORSLAG TIL ARBEIDSPLAN TIME SAU & GEIT FOR 2013:

Medlemsverving. Vidare innsamling og oppdatering av medlemmsregister
Fagmøter, kurs, heimaside oppdatering, kåring, ullinnsamling og sommartur.
Arbeida med saker frå NSG og RSG.

**OBS ! All medlemsinformasjon vil koma på e-post framover.**
**Dei som ikkje har e-post må ta kontakt med styret for å få informasjonen på annan måte. Møter, kurs og liknande blir annonsert i Bondevennen.**

Laget har til utlån for medlemmane i TSG en stor grill.
Denne står i bua vår på skytebanen.



*Våre to æresmedlemmer Torstein Tunheim og Jesper Eikeland får blomster av Maria Undheim*

# REKNESKAP FOR TIME SAU OG GEITEALSLAG

## 2012

| INNTEKTER | 2012 | 2011 |
|---|---|---|
| KONTINGENTER | 25 535,00 | 23 435,00 |
| TRANSPORT AV ULL | 33 430,00 | 46 321,00 |
| KÅRING Time veraring | 7 000,00 | 7 000,00 |
| RENTEINNTEKT | 1 750,00 | 991,00 |
| TILSKOT | 39 520,00 | 16 125,00 |
| INNTEKT MEDL.MØTER | | |
| ANDRE INNTEKTER | 10 996,00 | 9 480,00 |
| SUM INNTEKTER | 118 231,00 | 103 352,00 |
| **UTGIFTER** | | |
| ÅRSMØTE ROGAL. OG NSG | 5 505,00 | 4 890,00 |
| KOSTNADER SEMIN | 1 896,00 | 2 978,00 |
| TRANSPORT | - | - |
| MEDLEMSMØTER | 26 933,00 | 16 600,00 |
| KJØREGODTGJERSLE TIL STYRET | 8 500,00 | 8 500,00 |
| KÅRING | - | 3 000,00 |
| ANDRE UTGIFTER | 13 855,00 | 8 824,00 |
| SKOTPREMIE PÅ REV | 10 500,00 | 19 500,00 |
| SUM UTGIFTER | 67 189,00 | 64 292,00 |
| RESULTAT | 51 042,00 | 39 060,00 |
| **EIGA** | | |
| BANKINNSKOT/KASSE | 195 884,00 | 155 676,00 |
| TIL GODE | 13 109,00 | 4 000,00 |
| LAGER DIV. REKVISITA | 2 000,00 | 2 000,00 |
| SUM | 210 993,00 | 161 676,00 |
| **SKULD OG EIGENKAPITAL** | | |
| SKULD | 1 875,00 | 3 600,00 |
| EIGENKAPITAL | 209 118,00 | 158 076,00 |
| SUM | 210 993,00 | 161 676,00 |

**Note eigekapital**

| | |
|---|---|
| Eigenkapital 1/1 | 158 076,00 |
| Overskot | 51 042,00 |
| Eigenkapital 31.12. | 209 118,00 |

Bryne den 07.01.2013

Åmund Eikeland — Åmund Eikeland

Hermund Lende — Hermund Lende

# ÅRSMELDING GJETERHUNDNEMDA 2012

Styret gikk enstemmig inn for å legge aktiviteter på is i 2012. Vi har derfor ikke hatt prøver eller kurs.
Styret har heller ikke hatt bokførte styremøter gjennom året, men har hatt kontakt pr. telefon.
Treninger i 2012 har blitt gjennomført hos Sven Kverneland.
Vi ser for oss å fortsette treningene samt å gjenoppta og arrangere prøver i 2013.
Når det gjelder gjeterhundkurs ønsker vi innspill fra medlemmene om der er behov og ønske om dette.

Rune Bauge Sven Kverneland Ellen K. Gudmestad (vara)



*Gjetarhund i auksjon*

Regnskap for
Time gjeterhundnemd 2012

| **INNTEKTER** | | | |
|---|---|---|---|
| Startkontingent | | 0,00 | |
| Renteinntekter | | 41,96 | |
| | | | |
| **UTGIFTER** | | | |
| Prøveavgift 2011 | | | 1 250,00 |
| Renter/Gebyr | | | 2,00 |
| | | | |
| | Sum | 41,96 | 1 252,00 |
| | **Underskudd** | 1210,04 | |
| | | 1 252,00 | 1 252,00 |

| | | |
|---|---|---|
| Sum beholdning inkl. kasse | 01.01.2012 | **42964,85** |
| Underskudd | | 1210,04 |
| **Beholdning iflg. Regnskap** | 31.12.2012 | **41754,81** |
| **Beholdning iflg kontoutskrift** | 31.12.2012 | **41754,81** |

Fosse 03.01.2013
Ellen K. Gudmestad
Ellen K. Gudmestad
Kasserer

Revidert 7/1-13
Åmund Bikeland
Hermund Lende

# SLUTTORD

Da har vi akkurat lagt 2012 bak oss og det som ligg oss nærmast på minnet nå er den heftige veravslutninga vi hadde på året. Eg har aldri opplevd makan til snømengde og påfølgjande snøstorm. Det var tøft for dei sauene som var ute i dette veret, men eg håper at det gjekk godt med dei fleste sauene her i Time.

Det var ein spanande vår hos fleire bønder i Time med innlagte embryo i mange sauer. Dei fekk ganske god utteljing i forhold til embryo som vart lagde inn. Og resultatet vart fleire svartfjeslam og nokon texellam blei det også.
Det er jo ein alternativ måte på å få inn nye slektslinjer inn i desse rasane, sjølv om det blei nokså kostbart etter som dei ikkje fekk tilskot til dette.

Sommeren var ganske tørr i begynnelsen, men blei ganske fuktig utover ettersommeren. Men forholdene tatt i betraktning så vart det gode slakteresultat og godt betalt for lamma våre. Lammeringane som har blitt starta opp her i regionen er vel ein grunn for at vi har fått bedre betalt. Vi sende inn krav om auke i målprisen på lammekjøt med minimum kr 5.- pr. kg, det blei ikkje meir enn kr 1,80 pr. kg i jordbruksoppgjeret. I tillegg fekk me kr. 27 meir pr. lam i klasse O og bedre. Det er likevel muleg å auke prisene meir ettersom det er stor etterspørsel på godt lammekjøt. Det måttes også i år importeres lam for å sikre pinnekjøtet til jul.

I haust hadde me også eit heimeslaktingskurs som det var stor interesse å vera med på, heile 32 påmelde. Me måtte og seie nei til nokon som ville vera med. Det var Stian Espedal frå Nortura som hadde kurset og han var veldig engasjert og god til å undervise og forklare oss. Slakting heime var jo vanleg før i tida ,så det er greit å få oppdatere kunnskapen på dette, slik at vi kan nytte dyr som ikkje kan sendes med slaktebilen.

Reven vert framdeles skoten i kommunen vår sjølv om det er betalt ut skotpremie til ca. halvparten av det me gjorde i fjor. Igjen må me takka Time Bondelag for støtta dei gjev oss. I år har me også fått litt støtte frå RSG til dette arbeidet. Time Kommune priororterte ikkje å bevilge nokre kroner til dette i 2011, sjølv om Ordfører Kverneland ga klare signal på at dei skulle finne midler til dette på fjøsmøte hos Jone Fosse desember 2011. Men me har søkt igjen i 2012, uten å fått svar enda.

Det ser heldigvis ut til at fotråtesituasjonen i Time har roa seg ned og vi ikkje har fått nye utbrudd i det siste. Skal me få stoppe dette er det viktig at folk gir beskjed når dei oppdager halte dyr for å sjekke kva det kan være og får iverksett tiltak. Me får bare håpe at me kan få kontroll på dette og sleppe nye utbrot i Time og Rogaland.

Time Sau & Geit har 2 æresmedlemmer som så inderlig vel har fortjent å være det; Torstein Tunheim og Jesper Eikeland. Begge har nå slutta av med egne sauer men dei

har betydd mykje for avlsarbeidet og sauehaldet i Time og på Jæren. Men dei held seg nok fortsatt godt innformerte om kva som skjer i sauamiljøet.

Eg vil takke dei i styret som gjev seg, og dei som tek ein runde til for godt samarbeid og vel utført innsats i året som gjekk.

Til slutt vil eg ønske lykke til i lemminga og ta godt vare på kvart ett lam som  kjem det er stor etterspørsel etter dei.

- Jone -

TIME SPAREBANK
- for Jæren

# SAU OG LAM I PRIMA GRUPPEN 2012

Først vil jeg ønske alle ett godt nytt år. Dette blir ett veldig spennende år på spesielt lam, for nå starter vi med Jæren Smak lam og vi skal ha veldig gode priser på die lam også. Jæren smak lam er noe vi har jobbet med i mange år og dette vil gi en ganske stor mer pris til bonden. Prisene kommer ut i februar og disse prisene og totaltilbudet må alle sjekke. Vi i Prima Gruppen håper dette faller i smak hos sauebonden.

2012 i Prima Gruppen har vert travel, men veldig spennende og vi har alltid noe å lære. Der vi ikke traff helt i år var med overgangen fra die lam til sommer lam som en del mente kom litt for tidlig. Så neste år gjør vi grep og kjører die lam ut juni. Veldig bra i år var mye av heia lamma. Jeg var selv med og samla i midtheia på Ljosland og her var det mye fine lam som ble slakta rett fra heia. Så viss vi får ett like bra år neste år blir det mye Jæren Smak lam herifra.

Det som var veldig spennende i år var leveransen av ferske Jæren Smak lam til restauranten Tango under gladmatfestivalen. Dette ble det veldig gode tilbakemeldinger på, som vi tar med oss videre.

Det som ikke er så bra er at det har vert en liten nedgang på sau og lammeslaktet i år, men dette må vi klare å snu til neste år. Det som er mest skremmende er att mange av slakteriene har hat nedgang.

Til slutt vil jeg bare gi en stor takk til alle produsenter og alle som har vert med og hjelp for å få det best mulig til. Vi er ingen ting uten gode produsenter.

Hilsen Georg-Fredrik Ueland tlf. 92619181



# FATLAND 2012

Fatland betalte godt for Årslamma også dette året Vi har ingen vektgrenser for desse lamma, men grunntilskotet fell bort på lam under 13,1 kg og for lam over 20 kg trekker Fatland kr 6,-/kg, fordi prisen vert for høg for salet.

Nytt dette året var Elite Pluss, der Fatland betaler kr 5,-/kg for lam over 19,1 kg. Klasse R og betre, feittgruppe 1+ til 3. Optilam-tillegg, ut frå kg slakta småfe, og refusjon av øyremerker vert utbetalt januar 2013. Fatland har mottatt ca. 5500 lam frå Time, som er i gjennomsnitt 19 kg, feitt 3- og klasse R.

Fatland har mykje slakt av småraser, deriblant Villsau, meir enn halvparten av Villsau-produksjonen i Norge vert levert til Fatland. Gjennomsnittsvekt på Villsauen var 11,3 kg hjå Fatland i 2012. Greitt og vere merksam på at alle raser er med når ein samanliknar slaktevekter mellom slakteria. Desse lamma kan vere fine og ha god kvalitet, men lam under 8 kg er totalt eitt problem for næringa.

Avdrått pr. v.f.sau og gj.snittspris pr. kg levert slakt er nøkkelen til god økonomi i sau-eproduksjonen. Oppfordrer alle sauebønder å ha fokus på dette + ull kvalitet og dermed få brukbar økonomi ut av produksjonen.

Fatland takker Time Sau og Geit for samarbeidet i året som snart er omme og ynskjer lukke til med arbeidet vidare.

Berit Pettersen
Rådgiver småfe/KSL ansvarleg

FATLAND

Klar?

IKKE NØL MED Å PRØVE OSS!

Våre gode rådgivere, Berit Pettersen, 95 20 03 40 - berp@fatland.no, og Hilde Håland, 98 24 22 14 - hilk@fatland.no, vil mer enn gjerne hjelpe deg og svarer på alle spørsmål som har med sau og lam å gjøre.

Fatland Ølen 97 98 55 22 • Fatland Jæren 97 97 21 20

www.fatland.no

# NORTURA PÅ RETT VEG!

Godt nyttår og takk for samarbeidet i 2012. Et spennende og godt år for Nortura og sauebøndene.

Sauebøndene i Time æ goe, det er det ingen tvil om, men det er selvfølgelig ting som kan jobbes med. Aktive og dyktige bønder og et godt fagmiljø er noe av grunnen til at Time hevder seg i sauemiljøet.

Time var en av dei kommunene som takla det vanskelige året 2011. Gjennomsnitt vekten var i 2011 – 19,6 kg. I 2012 er det likt, 19,6 kg. Forskjellen er at det er mer fett trekk i 2012. Det var 3,1 % av lamma som kom i fettgruppe 3+, mot 1,4 % i 2011. Det er nok en konsekvens av et bedre beite år og ikke fett trekk på 3. Noen har nok dratt strikken litt langt for å få tyngre lam.

Lammeringer.
Et samarbeid mellom Nortura og sauebøndene. Her er det penger å hente for begge parter. På Forus er det registrert 57 lammeringer fra aug. til nov. 2012. En kjempe innsats fra bøndene. Store puljetillegg + lammeringstillegg, dette blir det penger av.
En viktig ting opp i dette er smitte/smittespredning. Følg Nortura sine anbefalinger.

ROS analyse.
Det blir også i år delt ut Ros analyse. Nytt for året er at sommerlammene ikke blir regnet med i Ros analysen. Med maks grense på 16 kg, blir det feil å ta disse med. Villsau som er merket som villsau er heller ikke med i Ros analysen. Hvor mange går til Time for 2012?

Tilførsler.
Det er som dei fleste vet underdekning av lam. Stor konkurranse om sauebøndene. Tilførslene til Nortura Forus har en oppgang med 2,1 %. ( til og med uke 49.) Nå står vi på videre og satser vi på endra bedre i 2013. Ellers er det levert 546 lam mindre fra Time i 2012. Det skylles nok flere faktorer, bla kasting på sauene i fjor vinter.

Nytt år og nye muligheter.
Det går mot lemming. Et råd til slutt. Gi lammene en god start. Det er grunnlaget for resten av sesongen. Vi trenger flere lam!!!!!!
Lykke til med lamminga og sesongen.

Hilsen Siri Kvam Haugland.
Tlf 928 85 919



Tid for sau
FJØSSYSTEMER




Topp ytelse, helse og
tilvekst for sau og lam
FORMEL
FORMEL til sau og lam er laget for søyer som
trenger høg melkeytelse, god helse og friske rasktvoksende lam
Sortiment til Sau
Sortiment til lam
Felleskjøpet Rogaland Agder

Husdyr Systemer®

## Sweetlics mineraler




Mineraler til sau, storfe og hest. Etter veldig gode tilbakemeldinger er vi glade for å kunne tilby flere varianter av mineral- og vitamintilskudd. Fra Inform Nutrition i Irland har vi et bredt spekter av tilskudd. Kom innom for en gjennomgang av mulighetene som finnes.



Lac-Tek - prisgunstig automat til lam og kje

## Gullsøya

Vårt eget utvalg av grinder, porter, fronter og fôrautomater for sau.






## Sprayfo lam

*Basert på melkeråstoff levert av:* TINE

Spesial melkeerstatning for lam og kje med ett godt rykte i hele Norge. Leveres også i egne utgaver for kalv og smågris. Også disse er produsert med myse fra Tine. Sprayfo er homogenisert og spraytørket. Dette gir mikro energipartikler som er kapslet i protein. Protein og fettsammensettning som i helmelk. En meget lettfordøylig melkeerstattning med lang holdbarhet (12 mnd). Lett å løse opp. Oppløst er den stabil i 24 timer. Ingen fettavleiring i spann eller automater. Det ideelle produktet for oppføring av lam og kje.

**Bryne Landbruksservice as** er rustet til lammesesongen med ett bredt utvalg av grinder, porter, krybber, kraftforautomater, melkeautomater, smokker og selvfølgelig melke-erstatning og mineraler.

Vi mener å ha det bredeste utvalg av rekvisita spesielt til saueprodusentene.
Kom innom for gode tilbud.
Vi har også lørdagsåpent fra 09.00- 13.00.

BLS
www.bls-as.no

**Bryne Landbruksservice as**
**Hålandsveien 31- Håland Vest, Bryne**
**Telefon 51 77 07 00**
**www.bls-as.no**
**e-post:geir@bls-as.no**

## Fôringsfront

Justerbar eteåpning. 6 stk gir en rundballehekk. Kan også nyttes i andre anledninger.
Leveres i målene:
120 cm og 250 cm



## Sauegrinder

Galvanisert stål med 22mm horisontale rør.
Leveres i målene:
120cm – 150cm – 190cm – 230cm

**Sauegrind med port:**
Leveres i målene:
190cm – 230cm

**Saueport:**
Port med ramme, hengsle og portlås. Leveres i målene:
80cm – 120cm – 150cm



## Lettgrinder

Lettgrinder med 7,5 x 7,5 cm. nett. Leveres i målene:
100 cm. – 140 cm. – 200 cm. – 300 cm.



## Kraftfôrautomat

Kraftfôrautomater
Leveres i målene:
120 cm. og 250 cm. Med 12 eller 24 eteåpninger.



Adopsjonsgrinder